

# KULTUR- OG LIKESTILLINGS- DEPARTEMENTETS NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

*Årsrapport 2025*



**Avisa Hallingdøleens Olav Johannes Bøthun og Tor Folgerø fekk Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2025. Juryen fekk inn 76 nominasjonar, fordelt på 43 ulike kandidatar. Av desse valde juryen å dele prisen mellom dei to journalistane i Hallingdølen.**

**«Gjennom åra har Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar gått til mange godt synlege profilar som ofte har vore kjende frå radio og tv. Kall dei gjerne sirkushestar. I år går prisen til det vi vil kalle to arbeidshestar», heiter det i grunngjevinga frå juryen.**

**Nynorskprisen for journalistar vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 13. juni 2025.**

Førde, 20.11.2025  
Rune Fossum Lillesvangstu,  
sekretær for juryen

Duo i Hallingdølen fekk nynorskprisen for journalistar:

# – Å inn i helskotta!

Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar gjekk i 2025 til Olav Johannes Bøthun og Tor Folgerø i avisa Hallingdølen.



VINNARAR: Olav Johannes Bøthun (t.v.) og Tor Folgerø fekk nynorskprisen for journalistar 2025. Foto: Ragnar Hilde, Hallingdølen

– Å inn i helskotta, kom det frå Olav Johannes Bøthun då han fekk vite at han og kollega Tor Folgerø er vinnarar av den høgthengande prisen.

Prisen blir årleg delt ut av Kultur- og likestillingsdepartementet. Denne gongen var offentleggjeringa kamuflert som ein seanse om ny teknologi i kantina i redaksjonslokala til avisa Hallingdølen på Ål.

## Trudde han skulle på foredrag

Prisvinnarane vart mildt sagt sett ut då jurymedlem Jens Kihl dukka opp med budskapet om at dei hadde vunne.

– Eg må takke alle eg har jobba med i Hallingdølen opp gjennom alle år. Dei har lagt grunnlaget for dette. Det å dyrke godt språk sit i veggane i Hallingdølen. Slik har det vore i alle dei åra eg har jobba her. Difor deler eg utmerkinga med alle eg har jobba med. Ikkje kronemessig, altså – det må eg tenkje litt meir på, sa Bøthun og fekk kollegaene til å humre.

– Ein godt vaksen avislesar i Gol sa til meg denne veka: «Eg brukar ikkje nynorsk sjølv, men Hallingdølen MÅ vere på nynorsk». Dette er det nok mange av

kjernelesarane våre som meiner – uansett kva for målform dei kjem frå. Eg er veldig glad for at det er slik, seier Bøthun.

– Dette kom heilt overraskande. Eg trudde eg skulle på eit foredrag, og så kjem ein av mine personlege språkheltar inn døra, Jens Kihl i BT, seier Tor Folgerø, som innrømmer at det tok lang tid før det gjekk opp for han at han var bløffa.

### **Godt lagarbeid bak prisen**

Juryen trekkjer fram at Hallingdølen har imponert dei fleste i bransjen over fleire år når det gjeld utvikling, kreativitet og journalistisk skaparglede. At dette skjer på klart og effektivt nynorsk i eit dalføre der språket er under press, meiner dei er ekstra gledeleg.

Juryen ser prisen som eit resultat av godt lagarbeid i avisa.

– Livet i norske lokalaviser er prega av høgt tempo og mykje arbeid – der det aller meste er lite glamorøst. I ein slik kvardag er det ikkje alltid at godt språk får førsteprioritet. Årets vinnarar viser at det går an å lage ei lokalavis av høg kvalitet, utan å gå på akkord med nynorsken. Det er heller omvendt – den gode nynorsken er eit fundament for journalistikken dei lagar, sa Kihl.

### **Vinnarane leiker seg med godt språk**

Olav Johannes Bøthun er lærarutdanna og begynte å jobbe som journalist i Hallingdølen i 1987. Sidan har han hatt dei fleste funksjonar i redaksjonen.

– Igjen og igjen har Bøthun framsnakka nynorsken til nye medarbeidarar, og han har gjeve dei støtte og hjelp inn i det nynorske avisspråket. Slikt gjev språkglede og skrivelyst hjå unge journalistspirer. Godt språk er viktig for å byggje tillit hos lesarane, og Bøthun ivrar for å luke vekk små og store feil. At han sjølv liker å leike seg med språket i avisartiklane, smittar over på både kollegaer og publikum, skriv juryen i grunngjevinga.

Tor Folgerø begynte som journalist i Hallingdølen i 2010. Han kom då frå lærarjobb i grunnskulen. Dei siste par åra har han også jobba som utgåvesjef.

– Han er ordkunstnaren som får løypemeldingar frå kommunestyret til å skine. Han går gjerne inn i vanskelege saker, men gløymer ikkje det gode språket på vegen. Folgerø kan formidle komplekse problemstillingar, og han gjer det i eit lett og levande språk som inviterer lesaren med inn, heiter det i grunngjevinga til juryen.

**Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta fredag 13. juni. Det var den 20. gongen prisen vart delt ut sidan 2006. Prisen er på 75 000 kroner og eit kunstverk.**

# Heile grunngjevinga frå juryen

**Gjennom åra har Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar gått til mange godt synlege profilar som ofte har vore kjende frå radio og tv. Kall dei gjerne sirkushestar. I år går prisen til det vi vil kalle to arbeidshestar.**

Livet i norske lokalaviser er prega av høgt tempo og mykje arbeid – der det aller meste er lite glamorøst. I ein slik kvardag er det ikkje alltid godt språk får fyrsteprioritet. Årets vinnarar viser at det går an å lage ei lokalavis av høg kvalitet, utan å gå på akkord med nynorsken. Det er heller omvendt – den gode nynorsken er eit fundament for journalistikken dei lagar. Dei to prisvinnarane har begge sitt virke i lokalavisa Hallingdølen.

Tor Folgerø er ordkunstnaren som får løypemeldingar frå kommunestyret til å skine. Han går gjerne inn i vanskelege saker, men gløymer ikkje det gode språket på vegen. Ikkje alle lokalaviser tek seg tid til journalistikk om tema som kultur, tru og mangfald. Folgerø kan formidle komplekse problemstillingar, og han gjer det i eit lett og levande språk som inviterer lesaren med inn.

Olav Johannes Bøthun har jobba i Hallingdølen lenger enn fleire av kollegaene har levd. Igjen og igjen har han framsnakka nynorsken til nye medarbeidarar, og han har gjeve dei støtte og hjelp inn i det nynorske avisspråket. Slikt gjev språkglede og skrivelyst hjå unge journalistspirer. Godt språk er viktig for å byggje tillit hos lesarane, og Bøthun ivrar for å luke vekk små og store feil. At han sjølv liker å leike seg med språket i avisartiklane, smittar over på både kollegaer og publikum.

Godt avisspråk er alltid godt lagarbeid. Hallingdølen er ei avis som har imponert dei fleste i bransjen over fleire år når det gjeld utvikling, kreativitet og journalistisk skaparglede. At dette skjer på klart og effektivt nynorsk i eit dalføre der språket er under press, er ekstra gledeleg. Hallingdølen er eit førebilete for andre nynorskaviser, og dei to vinnarane har neppe noko mot å dele litt av heideren med resten av redaksjonen.

**Juryen for nynorskprisen, Førde 29. april 2025**

**Solveig Barstad (leiar), Øystein A. Vangsnes og Jens Kihl**



# Takketale frå Olav Johannes Bøthun



Kjære alle i hop!

E har lyst å starte i Hemsedal kommunestyre. Det må ha vore ein gong rundt 1990. Møtun tok te etter fjøstid. Det låg ein søt eim tå fersk silo då ordføraren tok opprop. Dette var berre kort tid før bøndene hadde selt så mange hyttetomter at dei tok til å angre. Altså, dei angra ikkje på at dei hadde seld hyttetomter. Men dei angra på at dei ikkje hadde tinga seg bisinissclass istella for turistklasse når dei hadde vore rundt på kloden ein tur. Tilbake til kommunestyresalen: Dette er noko av det ein risikerer å møte som bladfyk i vår region. Kryptikken kan ligge som ei grå skodde i det som blir sagt, og ein må lytte etter den minste nyanse i tonefall, rytme og stemmetrykk for å oppfatte og kunne fortelja vidare om det som blir sagt: Holdebakken-Trøim.

Men no står me altså her, eg og min kjære kollega Tor for å motta noko så hinsides som ein nynorsk journalistpris. Eg må innrømme at eg jubla litt inni meg i fjor då sjølvaste miss Dagsrevyen Ingvild Bryn vart denne æra til del. Ho har jo språket i si makt. Det gode, klare nyheitsspråket. Ho let dei enkle, korte, presise setningane gli over i kvarandre som i ein blendande frisk vossarull. Det er norsk på sitt beste og det er å få fram siste nytt på sitt beste. All verdas elende glir utygd rett inn i hjernebarken på oss som ser på. Me har forstått. Difor har eg alltid sagt «Høyr på Ingvild Bryn» til dei som synest nynorsk er ja, tungt eller noko slikt.

Når ein skummar lista over tidlegare prisvinnarar, så er det berre å ta teljing. Her er det mykje grovt og mykje solid og mykje sjarm og mykje kridibilitit, som sogningen seier. Så at juryen denne gongen let blikket falle på to trauste arbeidshestar var ei gledeleg bombe. Tusen takk for at de tok denne vrien akkurat i år. Så koss jobbar då ein prisvinnande journalist i ei lokalavis? Kva skjer

når han skrid til tastaturet, slik at verda snart kan glede seg over nye utsøkte perler? Lat oss sjå her: Trafikkulykke: Rett etter klokka 15 tysdag fekk politiet melding om eit trafikkuhell på Rv7 ved Torpo. Det var rett etter klokka 15 tysdag at politiet fekk melding om ei trafikkulykke ved Torpomoen. På Rv7 ved Torpomoen. Politiet opplyser at to bilar var involvert i ulykka. Nei. at to bilar var innblanda i ulykka. Nei at ..æh to bilar hadde kollidert. Involvert? Koffor f. skriv me det her no? Innblanda. Det er betre. Altså innblanda i ulykka. Politiet opplyser at dei har beslaglagt førarkortet frå den eine førararen, ei kvinne i ... føraren .. i 70-åra. Vent litt: BESLAGLAGT! Politiet opplyser at dei har teke førarkortet frå føraren av den eine bilen. Vedkomande er i 70 åra: HEN er i 70-åra. Ja. Og slik kan me halde på. Politiet reknar nok ikkje med å henlegge denne saka med det første. Henlegge? Ja, henlegge. Å legge bort eller legge vekk blir liksom meir å rydde på kjøkkenet, spør du meg. Difor: Henlegge. Ikkje lov, seier du? Sikkert ikkje, men: Me spør jo stadig: Kor vil du hen? Då går det vel an å henlegge med?

Men uansett. Den prisen som Tor og eg blir til del i dag, har ikkje kome tå seg sjølv. Me har mange å takke, og det er naturleg å gå heilt tilbake til etterkrigen då det kom nye eigarar inn i avisa, og dei vedtok det aldri, men det var ein uskreven regel: Hallingdølen skulle redigerast på nynorsk. Frå den tida har me i det skjulte kjempa for nynorsk skriftspråk, bak fiendens linjer. Som ein type Aasenske spesialtroppar har me brukt tungt skyts på både nett og papir for halde nynorsken synleg for både gamle og nye hallinga, ute, heime og på dei sju hav.

Me har drive denne spesialoperasjonen, som Putin seier, i snart tre mannsaldrar. Der ligg ein liten magi i det at me stadig greier å utdanne nye operatørar. Heile organisasjonen dreg den same vegen, kanskje bortsett frå annonseavdelinga då(hehe). Så, når to slike veteranar frå vår vesle utpost langt aust for mållina blir utpeikt til heider og ære, fortener nokre av dei som peikte ut kursen for oss at me let namna deira klinge mellom veggane, her i dette mekka for nynorsk: Sigbjørn Tormodsgard, Paul Breiehagen, Håvard Folkedal, Sigmund Krøvel-Velle, Bjarne Tormodsgard, Embrik Luksengard, Torbjørn Gunhildgard, Kjell Slåtten, May Grethe Lerum, Stein Torleif Bjella, Tone Merete Tho og Heidi Molstad-Andresen.

*«Me har i det skjulte kjempa for nynorsk skriftspråk, bak fiendens linjer. Som ein type Aasenske spesialtroppar har me brukt tungt skyts på både nett og papir for halde nynorsken synleg for både gamle og nye hallinga, ute, heime og på dei sju hav»*

# Takketale frå prisvinnar Tor Folgerø

Det er ei stor ære å stå her og ta imot denne prisen. Takk til juryen, takk til kulturministeren. Takk også til mor mi, som i heile oppveksten sa at eg burde satse på matematikk - for eg var ikkje noko til å skrive. Ho skal vite at det kjennest godt å stå her med ein nynorskpris i handa.

Eg jobbar i ein redaksjon der alle skriv nynorsk. Hallingdølen har vore nynorskavis sidan starten i 1936. For meg som *sunnhordlending* var ikkje det eit offer då eg starta i avisa.

Snarare tvert imot. Nynorsk er mitt språk. Det er språket eg tenkjer med, ler med, drøymmer og har mareritt på. Det er ikkje noko eg pyntar kaka med for å vinne språkpris. Det er brødet eg et kvar dag – min daglege kneip.

I den tida eg har jobba i avisa, dei siste 15 åra, er det likevel ikkje sjølv sagt at Hallingdølen skulle halde fram på nynorsk. Halvparten av kollegaene mine skriv på sidemål. Det hadde vore lettare, meir naturleg for mange av dei å uttrykt seg på bokmål.

Først og fremst er det redaktørane, godt støtta opp av kulturen i redaksjonen, som har stått imot – halde nynorskfana høgt. Språket er derfor uomstridt i dag. Hallingdølen oppfattar seg sjølv som ei avis som går sine egne vegar. Og at avisa kjem ut på nynorsk, er tett ved kjernen av identiteten vår som motstraumsavis. Hallingdølen hadde ikkje vore Hallingdølen om me kom ut på bokmål. Det trur eg også lesarane våre meiner, til og med dei mange lesarane som sjølv skriv på bokmål.

**At juryen løftar ei lokalavis frå Austlandet opp på ein scene i Ørsta, er fint og rørende. Me er ei nynorskavis utanfor kjerneområdet for nynorsken.**

Eg synest at dette er ein viktig pris, for nynorsken er under press. Ikkje minst i dalføret vårt i øvre Buskerud. For meg som *sunnhordlending* å flytte dit, var litt som å bli sendt til skyttargravene. For sjølv om nynorsken står trygt i avisspaltene våre, er «eg» og «ikkje» på vikande front i Hallingdal.

I avisa røktar me språket etter beste evne. Det blir ikkje gull kvar gong. Men idealet står fast: Me ønskjer å skrive enkelt, konkret, og helst så nært talemålet i Hallingdal at det luktar litt fjellluft og bjørkeved når folk opnar papiravisa.

Derfor er det ekstra fint at de har sett oss. Eg er takksam for at juryen ser kva som rører seg i nynorsk skriftkultur også utanfor Vestlandet og utanfor dei store mediehusa.

Norske aviser får færre og færre annonser - det rammar økonomien. Det positive er at det blir mindre bokmål i avisa. Annonsane er eit seminar om *tilgjengelighet, lønnsomhet, oppmerksomhet*. Næringslivet er tapt til *mulighetene*.

Nynorsk taper dessverre også terreng som skulespråk i Hallingdal. Og det veks opp nye generasjonar som ikkje pratar halling, men eit slags generisk austlandsk.

Sjølv har eg så mange barn at dei er lett å rekne i prosentar. 75 prosent av ungane mine er utan ei dialekt som fortel kor dei kjem ifrå. 50 prosent svarar på bokmål når eg sender middagsinvitasjon på SMS.

Dei er dessverre representative for sin generasjon, men eg må likevel innrømme at dette er svakt. Hadde det vore *Barne- og familiedepartementet* som delte ut nynorskprisen, ville eg derfor levert han tilbake og takka høfleg nei. Eg har feila som far, men får vere glad eg lukkast betre på jobb. Eg er såleis glad og takksam for at det er *Kultur- og likestillingsdepartementet* som står for prisen. Eg seier tusen, tusen takk!

**Og for dei som måtte lure: Hallingdølen kjem på nynorsk i morgon òg.**



## Kort om prisvinnarane:

**Olav Johannes Bøthun** (fødd 1960) er lærarutdanna og begynte å jobbe som journalist i Hallingdølen i 1987. I desse åra har han hatt dei fleste funksjonar i redaksjonen. Han har mange år bak seg som utgåvesjef og vaktsjef.

**Tor Folgerø** (fødd 1972) begynte som journalist i Hallingdølen i 2010. Han kom då frå lærarjobb i grunnskulen. Dei siste par åra har han også jobba som utgåvesjef og inngår i dag i avisas desktturnus.

# Arbeidet med nynorskprisen 2025

Juryen hadde tre digitale møte i samband med kåringa av ein vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar 2025.

Oppstartsmøtet var 7. februar. Den faste fristen for å nominere kandidatar var 1. april, og seks dagar seinare hadde juryen eit møte der dei gjekk gjennom dei innsende framlegga. Det kom inn 76 nominasjonar fordelt på 43 ulike kandidatar. I eit møte på Teams 22. april, vart jurymedlemmane samde om å dele prisen på Hallingdølen-journalistane Olav Johannes Bøthun og Tor Folgerø.

Jurymedlem Jens Kihl overraska vinnarane under eit allmøte i avisa Hallingdølen. Då vart det laga ei pressemelding som gjekk ut til heile medie-Noreg. Sjølve prisen vart delt ut under medietimen på Dei nynorske festspela i Ørsta fredag 7. juni 2024.



**Dette var den siste gongen denne juryen delte ut nynorskprisen for journalistar. Jurymedlemmene var oppnemnde for perioden 2021-2025, og dei er dermed ferdige med oppdraget. I juryen sat: Solveig Svarstad (leiar), Øystein A. Vangsnes og Jens Kihl.**

# Ny jury skal sitje fram til 2029

Kultur- og likestillingsdepartementet oppnemnde sommaren 2025 ein ny jury for nynorskprisen for journalistar. Juryen skal sitje frå 1. juli 2025 til 1. juli 2029.



Dei nye jurymedlemmane er:

- Jens Kihl (journalist og frontsjef i Bergens Tidende)
- Arill Riise (journalist og programleiar i TV 2)
- Unn Røyneland (professor i nordisk språkvitskap og fleirspråklegheit ved Universitet i Oslo)

Juryen hadde sitt første møte i november 2025. Jens Kihl vart vald til leiar.

NRK Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen. Prisen var departementet si «gåve» til mediesenteret, i samband med opninga av NRK Nynorsk mediesenter i 2004. Nynorskprisen for journalistar har vore delt ut kvart år sidan 2006. Prisen er no på 75.000 kroner og eit kunstverk.